

Fra: Astrid Aarhus Byrknes (astrid.aarhus.byrknes@lindas.kommune.no)

Sendt: 05.08.2019 12:48:52

Til: Folkevalde

Kopi: julie.saetre@amedia.no; Pål Kårbø

Emne: Skriftleg spørsmål i MISA 5.9.19

Vedlegg:

Hei

Eg har fylgjande spørsmål til møte 5.9 til SVV og ber om skriftleg svar .

Innleiing :

Gjeld Hagelsundbrua – Nordhordland

- Eg har også tidlegare spurd SVV om der er tiltak som kan gjerast på E39 – Hagelsundbrua i Nordhordland, men ber no om på nytt om noko kan gjerast. Dette går på at brua er dessverre gjenstand for at folk vel å avslutte livet sitt ved å hoppe frå brua. Det er faktisk mange som har gjort dette, men det er også fleire som har prøvd og som heldigvis bla brannvesenet har klart å redde ved at det blei oppdaga at nokon prøvde seg og fekk kontakt med brann og redning samt politi. Eg kjenner til at det har vore gjort fysiske tiltak på bla Askøybrua, og mitt spørsmål er om det ikkje bør gjerast noko også på Hagelsundbrua. For dei familiane som opplever at ein av sine avsluttar livet sitt med å hoppe frå brua, så er det dette sjølv sagt forferdeleg og vondt. Dersom ein kunne hatt fysiske tiltak – i alle fall gjort det ein kan for å hindre folk i å hoppe, så meiner eg dette kan vere av førebyggjande art. Ein kan nok aldri gardere seg 100 % mot alle farer, men eg tenkjer vi som samfunn må gjere det vi kan også med slike tiltak som hindrer klatring og hopping frå desse bruene.

Spørsmål :

Har statens vegvesen vurdert fysiske tiltak på Hagelsundbrua for å hindre klatring og hopping frå brua ?

Kva kan gjerast for å forebyggje meir og hindre at folk hopper frå denne brua ?

Mvh

Astrid Aarhus Byrknes (KrF)